



Nordhordland Næringslag v/Svein Nordvik

Dato: 29.11.2016
Vår ref.: 2014/10030-100
Saksbehandlar: hilruns
Dykkar ref.:

Svar på førespurnad vedkomande skulebruksplanen

Vi takkar for Dykkar brev datert 26.10.16 med førespurnad om oppfølging av vedtak i skulebruksplanen, Fylkestinget 4. oktober 2016. Vi ser svært positivt på at Nordhordland Næringslag ønskjer å bidra i arbeidet som følgjer av vedtaket: «*Det vert lagt til rette for god dialog med det lokale næringslivet i høve til nyinvesteringar og for å prøva ut nye undervisningsformer der meir av den praktiske undervisninga vert gjort ute i verksemdene.*»

Samarbeid mellom skule og næringsliv er svært viktig med tanke på vidare utvikling av opplæringsstilbod som bidreg til kompetanse og arbeidskraft som regionen har bruk for. Samarbeidet er også særst viktig for læring og fullføring for den enkelte eleven.

Hordaland fylkeskommune v/Opplæringsavdelinga ser fram til eit møte med næringsliv og regionråd for å planlegge arbeidet med sikte på implementering av vedtaket.

I møtet vil det vere av interesse å sjå på kva forventningar og kva føresetnader som er knytte til

- moglege nyinvesteringar
- utprøving av nye undervisningsformer
- praktisk undervisning i verksemdene.

Opplæringsavdelinga vil ha kontakt med skulane om konkretisering og avklaring av korleis arbeidet skal organiserast i tida før jul. Tidspunkt for møte med næringslag og regionråd kan t.d. leggjast til januar 2017. Vi tek gjerne imot forslag til dato.

Vi takkar igjen for at de vil bidra i arbeidet, og vi ser fram til å kome i gang med dialog og samarbeid.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Hillevi Elizabeth Runshaug
regionleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Austrheim vidaregåande skule v/rektor Kjersti Haugland
Knarvik vidaregåande skule v/rektor Kari Espelund Bruvik